

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for næring, kultur og idrett

Møtedato: 06.05.2025

Møtetid: 09:00 - -12:40

Møtestad: Helsehuset, møterom Alver

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Astrid N Sylta	medlem	AP	
Sean Røskeland	medlem	H	
Geir Nilssen	leiar	VIP	
Øyvind Bratshaug	nestleiar	SP	
Bjørnar Smørdal Grindheim	medlem	R	
Svenning Asgeir Bjørke	medlem	KRF	
Esben Helland	medlem	FRP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen	Avdelingsleiar
Eirik Bouwer Utne	Tenesteleiar
Kate Bentzen	Rådgjevar
Trude Bruket	Rådgjevar

Sakliste

Saksnummer Sakstittel

PS 11/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 12/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 25.03.2025
PS 13/25	Melding/orientering til utval for næring, kultur og idrett
RS 12/25	<i>Presentasjon av prosjektet - søknad om midlar til utviklingstiltak Nordås Consult og Development (sjå NKI sak 45/2024)</i>
RS 13/25	<i>Presentasjon av utviklingsprosjektet Alver Bakeri og Catering AS (sjå NKI sak 83/2024)</i>
PS 14/25	Delegerte saker
DS 1/25	<i>Søknad om tilskot til bru ved tursti mellom Eikemo og Sætre - vedtak</i>
DS 2/25	<i>Søknad om tilskot til naturmøteplass - vedtak</i>
DS 3/25	<i>Svar på søknad om material til tilrettelegging av tursti mellom Svarthamrane og Kvamsfjellet</i>
DS 4/25	<i>Vedtak om tilskot til arrangement og arrangørar - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 5/25	<i>Vedtak om tildeling av prosjekttilskot til idrettsføremål - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 6/25	<i>Vedtak om prosjekttilskot til kunst- og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 7/25	<i>Vedtak om prosjekttilskot til kunst- og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 8/25	<i>Vedtak om idrettsstipend - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 9/25	<i>Vedtak om tildeling av arbeids- og etableringsstipend - kultur - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 10/25	<i>Vedtak om driftstilskot til større idrettsanlegg - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 11/25	<i>Vedtak om driftstilskot til idrettslag, skyttarlag og friluftsansjasjonar - søknadsfrist 01.12.2024</i>

DS 12/25	<i>Driftstilskot til korps og kor - søknadsfrist 01.12.2024</i>
DS 13/25	<i>Tilskot til verneverdige kulturminne 2025 - vedtak</i>
DS 14/25	<i>Søknad om tilskot - Kulturbygg og anlegg</i>
PS 15/25	Spelemidler kulturbygg og -arenaer 2025 - prioritering
PS 16/25	Klagesak - avslag på søknad om prosjekttilskot - Eikanger kultur
PS 17/25	Klagesak - avslag om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar – U.L. Samhald
PS 18/25	Klagesak - avslag på søknad om driftstilskot kor og korps - UL Framsteg - Strilongane
PS 19/25	Klagesak - avslag om driftstilskot andre kulturorganisasjonar - Myrtveit bygdelag
PS 20/25	Flaggreglement for Alver kommune - justering 2025

PS 11/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

RS sak 13/25 vert utsett. Ellers ingen merknader, samrøystes.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 12/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 25.03.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 13/25 Melding/orientering til utval for næring, kultur og idrett

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

RS sak 13/25 er utsatt.

Meldinga vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Meldinga er teke til orientering.

PS 14/25 Delegererte saker

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Meldingane vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Meldingane ar teke til orientering

PS 15/25 Spelemidlar kulturbygg og -arenaer 2025 - prioritering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner følgande prioritering av innkomne søknader om spelemidlar til kulturbygg og -arenaer:

- 1.Holsnøy kystlag – Oppsetjing av grindverk for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann på Husebø (søknadsnummer 169494)
- 2.Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)
- 3.Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)
- 4.Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)

Prioriteringslista vert oversendt til Vestland fylkeskommune, som skal handsama søknadane.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner følgande prioritering av innkomne søknader om spelemidlar til kulturbygg og -arenaer:

1. Holsnøy kystlag – Oppsetjing av grindverk for bevaring og formidling av gavlbåten Blåmann på Husebø (søknadsnummer 169494)
2. Frekhaug indremisjon – Oppussing og ombygging av kjellaretasjen i Frekhaug bedehus (søknadsnummer 169530)
3. Alver kommune – Ombygging for å romma fleire kulturfunksjonar i Manger kommunehus (søknadsnummer 169662)
4. Alver kommune – Nytt bibliotek på Frekhaug (søknadsnummer 169605)

Prioriteringslista vert oversendt til Vestland fylkeskommune, som skal handsama søknadane.

PS 16/25 Klagesak - avslag på søknad om prosjekttilskot - Eikanger kultur

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett opprettheld vedtak om prosjekttilskot til kunst - og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024, og avviser klagen frå Eikanger kultur.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Utval for næring, kultur og idrett opprettheld vedtak om prosjekttilskot til kunst - og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024, og avviser klagen frå Eikanger kultur.

PS 17/25 Klagesak - avslag om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar – U.L. Samhald

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Samhald til følgje. Det vert løyvd kr 5.000 i tilskot til UL Samhald,

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Samhald til følgje. Det vert løyvd kr 5.000 i tilskot til UL Samhald

PS 18/25 Klagesak - avslag på søknad om driftstilskot kor og korps - UL Framsteg - Strilongane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Framsteg til følgje. Det vert løyvd kr 5 552 i tilskot til Strilongane.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Framsteg til følgje. Det vert løyvd kr 5 552 i tilskot til Strilongane.

PS 19/25 Klagesak - avslag om driftstilskot andre kulturorganisasjonar - Myrtveit bygdelaag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett avviser klage frå Myrtveit bygdelaag.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Utval for næring, kultur og idrett avviser klage frå Myrtveit bygdelaag.

PS 20/25 Flaggreglement for Alver kommune - justering 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Flaggreglement for Alver kommune – 2025.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå B.Grindheim-R:

Fristille nasjonalflagget frå andre flagg.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (B.Grindheim-R), mot 6 røyster.

Framlegg frå B.Grindheim-R:

La regnboge flagget vera heist heile Juni

Framlegget fekk 1 røyst og fall (B.Grindheim-R), mot 6 røyster

Framlegg frå G.Nilssen-VIP:

Flagging med regnbogeflagget den 28. juni inkluderes som fast flaggdag i Alver.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (G.Nilssen-VIP, A.Sylta-AP og B.Grindheim-R), mot 4 røyster.

Framlegg frå S.Bjørke-KRF:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til Flaggreglement for Alver kommune – 2025 med følgjande endringar:

1. Pkt.3.1 vert endra til: «Alver kommune flaggar på flaggdagar som spesifisert i Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget.»
2. Som følgje av dette går følgjande punkt ut: pkt.3.1.2, pkt.3.1.3, og siste setning i pkt.3.2

Framlegget fekk 3 røyster og fall (S.Bjørke-KRF, E.Hellenad-FRP og Ø.Bratshaug-SP) mot 4 røyster.

Innstilling i Utval for næring, kultur og idrett - 06.05.2025:

Alver kommunestyre godkjenner Flaggreglement for Alver kommune – 2025.